



AS Arkiton  
Arne Abelsen  
Slåtthaugveien 17  
5222 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3023 - 14/9276

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
15.04.2014

## Mellombels bruksløyve på veg 8 og 9, felt 6 - gbnr 134/471 Hilland

Vi syner til søknad om mellombels bruksløyve for veg 8 og veg 9 motteken, 24.03.2014.

### Vedtak:

Kommunen gjev med dette mellombels bruksløyve for ovannemnde tiltak, jf plan- og bygningslova § 21-10. Naudsynte kontrollerklæringar frå ansvarlege føretak (KUT) må sendast inn til kommunen seinast den 29.04.2014

### Spesifikasjon.

Byggestad: Gbnr. 134/471.  
Type tiltak: Veg 8 og veg 9 innanfor bebyggelses plan for Hilland vest, Felt 6  
Vedtak: Delegert sak behandla den 17.02.2010

Ansvarleg søkjar har opplyst fylgjande:

Vei 8 skal justeres, trapp ved innkjøring til garasje skal rives og ny trapp i tre vil bli erstattet med eksisterende. Veien er allerede i bruk, da tillatelse er gitt ved søknad om ferdigattest boligene 13-16 og garasjeanlegg. Ferdigattest vil bli sendt inn når trapp er erstattet med ny og vei er justert.

Vei 9 vil bli ferdigstilt parallelt med boligene som skal bygges i området. Midlertidig brukstillatelse ønskes for at boligene 17-34 skal ha tilkomst. Veien har i dag fast dekke.

Gjenstående arbeid må være fullført innan 15.04.2015. Dersom gjenstående arbeider ikkje blir utført innan fristen, skal plan- og bygningsstyresmaktene gje pålegg om ferdigstilling, som kan gjennomførast ved sanksjonar, jf plan- og bygningsloven § 21-10 tredje ledd siste punktum.

Ny sluttkontroll skal utføres, og sluttdokumentasjon og fråsegn om ferdigstilling skal sendast plan- og bygningsstyresmaktene før det kan gjevast ferdigattest.



Det vert vist til tidlegare løyver (2009/2562 og 2011/598). Ved søknad om ferdigattest skal veggen ligge i samsvar med bebyggelsesplanen og gitte dispesasjonar. Dersom det skal gjerast endringar med omsyn til regulert plassering av vegane, må det søkjast om dispensasjon og innhentast endringsløyve. Dette må gjerast før det vert sendt inn søknad om ferdigattest. Innsendte teikningsmaterielle er ikkje vurdert eller godkjent.

Det vert også vist til mellombels bruksløyve av 07.11.2012 der det går fram at:

«Kontrollerklæring frå KUT for veg er ikkje sendt inn. Det er ikkje søkt om mellombels bruksløyve for veg 8 og veg 9. Ein føreset at dette vert sendt inn ved søknad om ferdigattest.»

Mellombels bruksløyve er gjeve på vilkår av at naudsynte kontrollerklæringar vert sendt inn innan 14 dagar. Manglar som er oppført der, må verte retta før det vert gjeve ferdigattest.

### Gebyr

Søknadspiktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
2014 Mellombels bruksløyve	1	2.800
Totalt å betale:		<b>2.800</b>

### Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

### Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakarar:**  
AS Arkiton

Slåtthaugveien 17 5222

NESTTUN